



VOIDAG VVS AS
Søndre Skogveien 41D
5055 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1075 - 18/32905

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2018

Oppsummering frå møte 22.10.2018 - gbnr 182/8 Gausereide

Deltakarar: Tiltakshavar Stig Solberg
Ansvarleg søkar VOIDAG VVS AS ved Marek Voidag og Rytis Koveckis
Lindås kommune ved Arne Helgesen avdelingsleiar for vatn og avløp
Siril Sylta einingsleiar arealforvaltning
Anne Lise Molvik frå byggesaksavdelinga

Sak: Gjennomgang av søknad om utsleppsløyve for bustad på gbnr 182/8 og orientering om krav i forhold til drikkevassforskrifta.

Søknad om nytt avløpsanlegg på eigedomen krev løyve etter forureiningslova (utsleppsløyve) og løyve etter plan- og bygningslova (byggjeløyve). Kommunen mottok søknad om etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova 27.04.2018 og søknad om løyve etter forureiningslova 23.08.2018. Søknadane er ikkje komplett og må supplerast. Dette gjeld:

- Uklare ansvarsforhold:
Det er to ulike føretak i saka, VOIDAG VVS AS, som er oppgitt som ansvarleg søkjar i utsleppssøknaden, og IP Prosjekter AS som er oppgitt som ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande i byggesaka. Det er kjend at IP Prosjekter AS er under konkurshandsaming.

Det vart opplyst i møtet at VOIDAG VVS AS er ansvarleg søkjar og at det vert søkt om endring av ansvarsrett, med nye ansvarserklæringar og oppdatert gjennomføringsplan.

- Situasjonsplan og teikningar
Før søknadane vert tatt til handsaming må det liggja føre ein målsatt detaljert plan for heile anlegget frå veggiliv til infiltrasjonsone der dei ulike komponentane i anlegget går tydeleg fram. Vedlagt følgjer situasjonskart for innteikning av anlegget.

Det skal utarbeidast eit lengdesnitt som viser anlegget i sin heilskap. Kotehøgder skal førast på. Botn infiltrasjonsanlegget skal liggja over høgste vasstand i Storavatnet, minst på kote + 22,5-23. Infiltrasjonsone skal ha ein storleik på omlag 10 x 5 m².



- Andre forhold
Innmålingsdata skal leverast inn ved søknad om ferdigattest.
Tømming av slam frå minireinseanlegg inngår ikkje i den kommunale slamtømmeordninga
Eigar kan sjølv føreta prøvetaking
Alle kostnader knytt til service på anlegget, slamtømming og prøvetaking må dekkast av eigar.

Uttale i forhold til drikkevassforskrifta

Storavatnet er hovuddrikkevasskjelde i Lindås kommune. Søknaden om utsleppsløyve har difor vore til uttale hos Teknisk drift som forvaltar drikkevassforskrifta. Arne Helgesen gjekk gjennom uttalen som er gitt. Utsleppsløyve vil bli gitt på vilkår av at krava etter drikkevassforskrifta vert følgd opp.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale til søknad om utsleppsløyve for Gbnr 182-8
182-8 situasjonskart

Mottakarar:

Stig Solberg
VOIDAG VVS AS

Vassbygdvegen 198
Søndre Skogveien 41D

5912
5055

SEIM
BERGEN